



Byggmester Skare AS
Skare
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1931 - 18/17171

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
29.05.2018

Ferdigattest samanslåing av brukseiningar - gbnr 108/590 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 269/18

Tiltakshavar: Henrik Lindås
Ansvarleg søkjar: Byggmester Skare AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 27.03.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.05.2018

Skildring

Adresse:	Veråsvegen 199
Bygningstiltak:	Einbustad
Bygningsnummer:	300454710
Bruksareal:	314m ²
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for samanslåing av to brukseiningar på gbnr 108/590.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1931

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Henrik Sørensen Lindås

Veråsvegen 199 5955

LINDÅS

Mottakar:

Byggmester Skare AS

Skare

5912

SEIM